



## Bakgrunn for avtalen

Hausten 2014 vart det oppretta ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune som skulle sjå om det var grunnlag og føresetnad for ein framtidig 8-13-skule i Austrheim. Føremålet for dette arbeidet var å lage eit grunnlag for politisk handsaming i Hordaland Fylkeskommune og i Austrheim kommune. Arbeidsgruppa skulle definere rammer for eit 8-13-samarbeid, og for å avgjere om partane ønskte å gå vidare for å realisere eit slikt prosjekt.

Den 11.3. 2015 gjorde Fylkestinget i Hordaland følgande vedtak:

*«Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane.»*

*Hordaland fylkeskommune arbeider mot eit tettare samarbeid og involvering retta mot kommunane i Nordhordland og Sogn og Fjordane (Gulen/Solund).*

På kommunestyremøte i Austrheim kommune den 20 mai 2015 blei følgjande vedteke:

*«Kommunestyret ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule.»*

**Hordaland fylkeskommune, ved fylkesdirektøren for opplæring, og Austrheim kommune, ved kommunalsjef opplæring forpliktar seg gjennom denne avtalen å samarbeide for å få eit tettare samarbeid i grunnopplæringa frå 8 – 13 trinn.**

**Det overordna målet er betre læringsutbytte og auka gjennomføring for elevane gjennom:**

- å sette i verk målretta samarbeidstiltak mellom grunnskule og vidaregåande skule slik at
  - elevane får betre overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring, mellom anna ved utveksling av informasjon
  - elevane opplever meir målretta og nyttig rådgjevingsteneste
  - elevar frå grunnskulen kan ta fag frå vidaregåande opplæring
  - tilsette får høve til samhandling og deling av pedagogisk praksis mellom skuleslaga
  - tilsette i dei ulike skuleslaga og skuleeigarane får betre kjennskap til og innverknad på samanhengen i heile grunnopplæringa



### Felles forplikting og økonomiske avgrensingar

Leiinga ved dei tre skulane Austrheim vidaregåande skule, Kaland skule og Årås skule har saman ansvar for å

- utarbeide årlege handlingsplanar knytt til samarbeidsavtalen
- setje i verk, gjennomføre og følgje opp samarbeidstiltaka
  
- avklare rammer for tiltaka, samt kven som skal vere involvert i arbeidet
- sende ein kort rapport til Hordaland fylkeskommune v/fylkesdirektør opplæring og til Austrheim kommune v/kommunalsjef opplæring kvart år.

Eventuelle økonomiske forpliktingar utover dei einskilde skulane sine budsjettrammer blir avklart av skuleeigarane.

### Varighet

Avtalen varer frå dato for inngåing og 3 år framover.

### Evaluering

Samarbeidstiltaka blir justert på bakgrunn av den årlege evalueringa.

16.10.2015

**Hordaland fylkeskommune**  
Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

23.10.2015

**Austrheim kommune**  
Torleiv Frotjold  
kommunalsjef oppvekst